
Fra: Inger Morken Ellingsen
Sendt: fredag 12. juni 2020 12:57
Til: Postmottak Alver
Emne: Sak 20/4486 Høyring - forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune

Uttale får Skulemiljøutvalet ved Manger skule:

Me har følgjande innspel:

1) Manger skule var godt i gong med eit utbyggingsprosjekt då ein gjekk inn i Alver.

I høyringa står det at formålet med forskrifta er å sikre forsvarleg kapasitetsutnytting ved dei ulike skulane, og at om ein skule ikkje har kapasitet og ikkje kan byggjast ut, kan kommunen fastsetje at elevane skal sokna til ein annan skule.

Skulemiljøutvalet er uroa over kva følgjer dette kan kan få for skulen. Vil dette kunne føre til at kommunen vel å senda elevar til andre skular for å kunne unngå å byggja ut skulen vår?

2) Ved byte av skule står det at «foreldra må dekkja skyssutgifter sjølve».

Dersom ein elev har rett på gratis skyss/har hatt gratis skyss til nærskulen og byter skule der andre elevar i området har gratis skyss, vil det ikkje kosta meir for kommunen å la eleven halda fram med å få gratis skyss.

Vil det uansett vera slik at heimen må dekkja skyssutgiftene sjølve ved skulebyte? (Dette har i så fall ikkje vore praksis i Radøy kommune).

Mvh

Inger Morken Ellingsen | Rektor Manger skule

Telefon: 56349034/97668332

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE